

# Radøy kommune

## Saksframlegg

| Saknr    | Utval                 | Type | Dato       |
|----------|-----------------------|------|------------|
| 061/2014 | Formannskapet i Radøy | PS   | 04.09.2014 |

| Sakshandsamar                | Arkivsaknr.: | Dokumentnr.: |
|------------------------------|--------------|--------------|
| Johan Fredrik Bøschen Sandal | 14/1071      | 14/9064      |

### Sosialstønad og aktivitetsplikt

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med rådmannen si saksframstilling gir Radøy kommune uttale til Arbeids- og sosialdepartementet si høyring om plikt til å stille vilkår om deltaking i aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad til livsopphald.

#### Saksopplysingar:

Høyringa gjeld forslag om innføring av plikt til å stille vilkår om deltaking i aktivitet ved tildeling av økonomisk stønad til livsopphald - med heimel i lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga. Personar som ikkje kan sørge for sitt livsopphald gjennom arbeid eller ved å gjere gjeldande økonomiske rettar, har krav på økonomisk stønad, jf lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga (Sosialtenestelova § 18).

Stønaden er samfunnet sitt nedre sikkerhetsnett, og er primært tenkt brukt i samband med kortvarige behov for inntektssikring.

Dei kommunale sosiale tenestene har i dag moglegheit, men ikkje plikt, til å stille vilkår til personar som mottar økonomisk stønad etter Sosialtenestelova. Her er det ulik praksis i dei ulike kommunar.

Arbeids- og sosialdepartementet ønskjer auka bruk av vilkår om aktivitetsplikt og meir lik praksis i heile landet. Det blir føreslått å innføre ei plikt for kommunane til å stille vilkår om aktivitet for sosialhjelpsmottakarar, med særleg fokus på lågterskeltiltak og arbeidstrening retta mot unge for å sikre ein permanent overgang til arbeidslivet.

Eit sentralt spørsmål er om alle stønadsmottakarar som er i stand til å vere i aktivitet, og som ikkje har rettar etter andre ordningar (kvalifiseringsprogram, ungdomsgaranti eller liknande), får same plikt til å delta i aktivitet med sikte på sjølvforsørging, uavhengig av kvar i landet dei bur. Dette må sjåast opp mot eit kost/

Radøy kommune vil gje departementet ros for god saksutgreiing i høyringsnotatet. Saksutgreiinga er dekkande for å belysa korleis lova sitt verkeområde er tenkt og utfordringane som gjeld endringsframlegget.

*Radøy kommune støttar framlegget til endra §20 i lova med nokre merknader:*

Sosialhjelp skal vera kortvarig, difor er det å stilla krav til snarast å koma i arbeid eller på andre ordningar korrekt. Det er særleg aktuelt å stilla krav til ungdom, slik at dei kjem seg i arbeid og vert gode bidragsytarar til samfunnet.

Men, for menneske med t.d. tunge rusproblem eller nedsett arbeidsevne på grunn av betydeleg nedsett arbeidsevne, må det vurderast skjønsmessig, slik at det ikkje vert unødig byrdefullt eller urimeleg.

*Departementet ber kommunane gje innspel til økonomiske – og administrative verknader av forslaget. Radøy kommune gjev følgjande innspel:*

NAV-kontoret vårt uttalar at det krev større ressursar å byggja opp og administrera slike ordningar, og det gjev ein meirkostnad for kommunen.

Lovforslaget må difor medføra auka økonomiske rammer for kommunane.

På den andre sida registrerer me at det er stor skilnad mellom kommunane i korleis dei styrer ordninga. Radøy kommune styrer sosialstønsordningane stramt. Me har låge satsar, og få stønsadmottakarar. Slik sett er den kommunale vinsten vår ved forslaget relativt liten. Men,- også me merkar ein viss auke i ungdom som tek imot sosialstønsad, så den menneskelege effekten ved å få desse i arbeid/på andre ordningar er stor.

Me ber departementet måla kommunane på effektivitet i ordningane. Me har notert oss at utgangspunktet for Åmli kommune, som vart landskjend for innføring av aktivitetsplikt, var at talet på stønsadmottakarar var særst høgt. Det må vidare seiast at Radøy har ein del brukarar som berre sporadisk er i kontakt med NAV for å få dekka rekningar som er særskilt høge, eller når rekningar kjem samla og overstig betalingsevne. Desse er ofte i arbeid, eller har andre varige ytingar. Det kan synast kunstig å gi desse eit aktivitetskrav for å få dekka ei høg straumrekning kanskje ein gong i året, om desse og er tenkt inn under ny ordning.

Ordteksten i lovforslaget kan synast for streng, og gir for lite rom for individuell vurdering. Det spørst om det at ein berre treng sosialhjelp ein sjeldan gong er «tungtvegande grunnar» for å sleppe aktivitetskrav. Begrepet er eit svært strengt juridisk begrep.

### **Formannskapet i Radøy - 061/2014**

#### **FS - handsaming:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding.

#### **FS - vedtak:**

I samsvar med rådmannen si saksframstilling gir Radøy kommune uttale til Arbeids- og sosialdepartementet si høyring om plikt til å stille vilkår om deltaking i aktivitet ved tildeling av økonomisk stønsad til livsopphald.

**Vedlegg:**

Sosialstønad og aktivitetsplikt - høyring

Sosialstønad og aktivitetsplikt - Høyringsbrev